



Vang kommune

INNLANDET FYLKESKOMMUNE
Postboks 4404 Bedriftssenteret
2325 HAMAR

Dykkar ref.:
Saksnummer 2024/4694

Vår ref.:
LUNING-2017000141 -82

Arkiv:
K2-Q10

Vår dato:
03.07.2025

Høyringsinnspel til Handlingsplan for fylkesvegar i Innlandet 2026-2029, saksnr. 2024/4694

Kommunestyret har i møte 19.06.2025 09:00, 042/25 fatta følgjande vedtak:

Vang kommune kan ikke akseptere at handlingsprogrammet ikke er i nærheten av å vise spor av utvikling i positiv retning for fylkesveger i Vang. Vi er djupt såra og vonbrotne. Kommunestyret sluttar seg til dei vurderingane og svara som er gitt i saksframlegget. Kommunestyret vedtek å sende inn høyringsuttale til Innlandet fylkeskommune basert på vurderingane i saksframlegget.

Saksframlegget ligg vedlagt.

Med helsing

Ingeborg Lunde
Kommunalsjef landbruk og teknisk
Dir. tf.: 992 30 305
E-post: ingeborg.lunde@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.



Vang kommune

ArkivSakID: 17/141
JournalpostID: 25/3927
ArkivID: K2-Q10
Saksbehandlar: Ingeborg Lunde

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
042/25	Kommunestyret	19.06.2025

Høyringsinnspel til Handlingsplan for fylkesveggar i Innlandet 2026-2029

Saksopplysningar

Innlandet fylkeskommune har sendt utkast til handlingsprogram for fylkesveggar 2026–2029 på høyring. Programmet skal etter planen vedtakast av fylkestinget i oktober 2025. Kommunane er inviterte til å kome med innspel innan 4. juli 2025. I høyringsbrevet blir det særleg bede om vurderingar av mål og profil for utviklinga av fylkesvegnettet, investeringsprogrammet, mogleg samordning med andre investeringar, og forslag til turveggar/stiar.

Vang kommune sende i første runde inn følgjande prioriteringar:

1. Utbetring av Fv 2510 Hemsing bru – Dalsbru
2. Gangveg ved Høre barnehage (80 meter)
3. Rassikring av Fv 2510 frå Lerhol og vestover til Krokaøddin
4. Utbetring av Fv 2510 Garstadkrysset
5. Utbetring av Fv 2510 Bakken – Høre

I det føreslåtte handlingsprogrammet er gangvegen ved Høre barnehage teken med, medan dei andre tiltaka ikkje er inkludert.

Vurdering

Vang kommune ynskjer å takke for at gangvegen ved Høre barnehage er inkludert i handlingsplanen. Dette tiltaket vil bidra til auka trafikksikkerheit for dei mjuke trafikantane i området. Vi ynskjer at dette tiltaket framleis blir prioritert og tatt med vidare i den endelege handlingsplanen.

Vi ynskjer imidlertid å peike på at utbetring av Hensåsvegen, ikkje er inkludert i den føreslåtte handlingsplanen. Hensåsvegen er ei viktig ferdsselsåre for både lokalbefolkninga og gjennomgangstrafikk, og den noverande tilstanden på vegen utgjer ein betydeleg trafikksikkerheitsrisiko og stor slitasje på køyretøy. Hensåsvegen blir dagleg brukt av innbyggjarane i Vang som ein viktig arbeids- og skuleveg. Mange elevar og arbeidstakarar er avhengige av denne vegen for å kome seg til og frå skule, arbeid og fritidsaktivitetar. Vegen er prega av telehiv og store

hol, noko som gjer den vanskeleg å bruke. Hensåsvegen fungerer og som ein viktig omkøyringsveg når E16 er stengt.

I brevet som vart sendt med høyringa ba fylkeskommunen særskilt om vurdering av fire tema, her er våre innspel til det:

1. **Vurdering av forslag til profil og mål for utviklinga av fylkesvegnettet:** Vang kommune støttar hovudlinjene i forslaget til mål og utviklingsretning for fylkesvegnettet. Vi meiner det er viktig med eit balansert fokus på både trafikksikkerheit, framkome og vedlikehald, særleg i distriktskommunar der vegnettet er avgjerande for busetjing, næringsliv og dagleg pendling.
2. **Generelt inntrykk av investeringsprogrammet:** Vi er glade for at gangvegen ved Høre barnehage er foreslått inkludert i programmet, og ynskjer at dette tiltaket blir vidareført i den endelege planen. Samstundes ser me at Hensåsvegen ikkje er teke med. Dette er ein viktig arbeids- og skuleveg for mange innbyggjarar i Vang, og vi ber om at tiltaket blir vurdert på nytt og inkludert i programmet.
3. **Moglege samtidigheiter med andre investeringar:** Vang kommune har ikkje konkrete samtidige prosjekt innan vatn og avløp eller andre kommunale investeringar på dei aktuelle strekningane per i dag, men vi er opne for å samordne tiltak der det kan bidra til betre framdrift og effektiv ressursbruk.
4. **Innspel til turveggar/stiar:** Vi har per no ikkje konkrete forslag til nye turveggar/stiar som skal byggast og driftast av fylkeskommunen, men vi stiller oss positive til vidare dialog om dette i samband med framtidige planprosessar.

Samla vurdering

Vang kommune meiner at både gangvegen ved Høre barnehage og utbetring av Hensåsvegen er avgjerande tiltak for å sikre trygg ferdsel og god framkome for innbyggjarane. Gangvegen vil gi tryggare ferdselsveg for dei mjuke trafikantane, medan utbetring av Hensåsvegen vil sikre ein viktig arbeids- og skuleveg samt ein trygg omkøyringsveg ved stenging av E16. Vi ber difor om at begge desse tiltaka blir inkludert og prioritert i den endelege handlingsplanen for fylkesveggar 2026–2029.

Framlegg til vedtak

Kommunestyret sluttar seg til dei vurderingane og svara som er gitt i saksframlegget. Kommunestyret vedtek å sende inn høyringsuttale til Innlandet fylkeskommune basert på vurderingane i saksframlegget.

Kommunestyret 19.06.2025:

Behandling:

Tillegg til adm. sitt vedtak, fremja av Steinar Frøyen, Arbeiderpartiet
Vang kommune kan ikke akseptere at handlingsprogrammet ikke er i nærheten av å vise spor av utvikling i positiv retning for fylkesveger i Vang. Vi er djupt såra og vonbrotne.
Administrasjonens tekst følger under denne tekst.

Vegard Eltun (AP) tok plass for Bjørn Olav Søndrol som fekk innvilga permisjon.

Tilleggsforslag til administrasjonens vedtak: Samrøystes vedteke

KS- 042/25 Vedtak:

Vang kommune kan ikke akseptere at handlingsprogrammet ikke er i nærheten av å vise spor av utvikling i positiv retning for fylkesveger i Vang. Vi er djupt såra og vonbrotne.

Kommunestyret sluttar seg til dei vurderingane og svara som er gitt i saksframlegget.

Kommunestyret vedtek å sende inn høyringsuttale til Innlandet fylkeskommune basert på vurderingane i saksframlegget.